



Valldal Idrettslag

Referat frå styremøte Valldal IL
Onsdag 9. februar 2022 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Til stades:

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Lars Petter Hauge, Ellisiv Jarvik, Monika Høydal Lingaas

1. vara til styret: Turid Løvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Anne Gry Myklebust

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Forfall:

Fotball v/Remi Uri-Landsnes

Sakliste -

1/22 Val av møteleiar

Einar Hoel blir valgt som møteleiar

2/22 Godkjenning av referat frå styremøte 25. november 2021

Referat frå førre møte er godkjent.

3/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

Ski – Arr fleire skirenn, skikafe er kome i gang, 2 gang på torsdag, full drift på allidrett, den minste gruppa begynte måndag.

Friidrett – Ikkje noko nytt.

Disksport- Aktivitet i hallen, frå 4 til 8 personar kvar gang, planlegging av neste sesong er i gang.

Trim – Romjulsmarsj blei avlyst, 38 vaksne 20 barn deltok i fjelltrim. Ikkje gjennomført premieutdeling, den var tenkt avvikla på romjulsmarsjen.

Fotball –

Styret- Ei stund sia siste møte, lite som har skjedd, marknad i Skomarkargata, seld litt julenek, ikkje seld bøker. Lysmarsj i begynnelsen på desember i samarbeid med helselaget, lite oppslutnad. Utgiftene dekt av Fjord kommune.



Valldal Idrettslag

Dagleg leiar- Sokkar og garderober blir tatt på eige saklista

Lite deltaking frå fotballgruppa på møta i hovudlaget, bør vi ta eit møte med dei for å få litt meir informasjon. Einar høyrer med dei om Einar og Odd Lennart kan invitere seg sjølv på eit styremøte. Einar tek kontakt med Remi.

- oppfølging av saker frå førre styremøte
- erfaring så langt med nytt rekneskapsystem v/kasserar:
Møte med gruppene og kasserar og Ellen Rokstad ved Nordvestrevisjon om det nye fakturasystemet. Litt tidleg å sei noko om status enno, så langt har det fungert. Ikkje stor aktivitet med inn/utg faktura. Nokre småfeil som blir retta opp i.
Fjordårets rekneskap blir starta på neste veke. Ikkje innsendte billag må sendast inn frå undergruppene i løpet av februar.

4/22 Marknad

Viser til sak frå oktober 2021, der styret gjekk inn for å arrangere marknad våren 2022.

Dato for marknad må fastsettast, mest aktuell dato er laurdag 23. april. Det må også fastsettast organisering med ei arbeidsgruppe som tek seg av planlegging ,førebuing og gjennomføring av marknaden.

Marknad etter same oppskrift som før, brukar å vere ca kr 40 – 50 000 netto. Start kl 15.00. Skal vi ha lotteri i forkant slik som i fjor i staden for bøker ? Inntekta blir i hovudlaget, ikkje delt ut til undergruppene. Einar Odd Lennart og Olav lagar ein liten komite og sett arbeidet i gang.

5/22 Olsok 2022

Lag, organisasjonar og privatpersonar er invitert til møte på klubbhuset måndag 7. februar.

Vi har bestemt at det skal vere Minidilt og Jordbærdilt 30 juli.

10 personar deltok, 3 ulike lag og 5 næringsdrivande. Fjordhagen, Storfjordnytt, Sylte sentrum scene, HL Muri, kirka, Helselaget, Bygdekvinnelaget. Mykje positivt blei sagt om olsok med tida er komen til å gjere ting på ein anna måte. Rådhusmarka er ein god plassering for start og målgang på Jordbærdilten. Eit fåtal følg med på det som skjer på scena, bruke peng på det er lite hensiktsmessig. Skalere ned arrangementet. Treffplassen er viktig, olsok er viktig. Valldal har eit godt omdømme. Dei som kom ville gjerne ha ein meir formell henvending om å vere med, nokon må dra i trådane for å få dette i gang. Einar lagar eit skriv og sender ut, kven vil vere medarrangør, frist 1.mars.

6/22 Fullføring av arbeid i kjellar klubbhuset

Det er gjort mykje arbeid i garderober i kjellaren, men det står att målingsarbeid i gangen.

Dette må organiserast i form av dugnadsarbeid. Arbeid må fullførast seinast til 1. mars.

Flisene er skifta i garderobene, taka og dørene er grunna og må gjerast ferdig. Olav fullfører og tek veggen også. Blandebatteria må monterast, Starheim gjer den jobben.



Valldal Idrettslag

7/22 Innkjøpte sokkar

På førre styremøte vart det vedteke å kjøpe inn sokkar for vidareasal. Det viser seg at innkjøp volum er mykje større enn det som låg til grunn for styret sitt vedtak. Vi må organisere sal av sokkar, men uansett må vi prøve å få returnert ein del av leveringa.

Det er utdelt pakkar til gruppene, det må lagast annonse på facebook og heimesida for å få opp salget.

8/22 Anlegg Grønningsæter/Høghjelle

Status for planarbeid og søknader. Det kan verte ein langt arbeid med reguleringsendring for skiskyttarstadion. Saka om dispensasjon frå arealplan skal opp i Kommunestyret i morgon, positivt vedtak i Formannskapet. Det er forventa dispensasjon og positivt vedtak. Skigruppa sende inn utfyllande informasjon om saka til formannskapet. Mange deltok på møtet i Formannskapet. Anleggsnemda vil gjerne møte Møre og Romsdal fylke for å forklare saka. Det er søkt om spelemidlar.

9/22 Årsmøter

På førre styremøte vart det fastsett følgjande årsmøter:

- måndag 14.3 ski
- tysdag 15.3 friidrett
- onsdag 16.3 trim
- torsdag 17.3 fotball
- fredag 18.3 disksport
- torsdag 24.3 Valldal idrettslag

Alle møta startar 19:30.

Det er viktig at gruppene startar førebuing til sine årsmøter. Rekneskapsbilag for 2021 må leverast umiddelbart til rekneskapskontoret slik at rekneskap kan settast opp, valnemnder må settast i sving, årsmelding, arbeidsplan og budsjett må utarbeidast.

10/22 Eventuelt

Taket på tilbygget bør måkast, det har vore gjort tidlegare.

Styremøtet neste onsdag går ut, ny dato 2.mars.

Skigruppa har søkt om nytt løyve for å køyre med trakkemaskina lags vegen i Reinheimen nasjonalpark.